

Reguleringsplan for

RV 36 MANHEIMSTRÅNDI - HØNSÅ BRU – VERPE

Reguleringsføresegner
Detaljregulering

PlanID 2025001

1 Siktemålet med planen

Siktemålet med planen er å heimle ny bru over Hønså som erstatning for eksisterande bru, i tillegg til oppgradering av eksisterande RV 36 til gjennomgåande standard i samsvar med gjeldande vegnormal. Grunnvasskjelda for Bø vassverk Herremo skal sikrast. Planen skal gi tilstrekkeleg områdebeskyttelse både for brønnområdet og influensområdet.

2 Fellesføresegner for heile planområdet

2.1 Støy PBL § 12-7 nr. 3

- Grunnlaget for vurdering av støytiltak for eigedommane i prosjektet er tilrådingane i retningslinje for behandling av støy i arealplanlegging T-1442/2021 og grenseverdiane i tabell 2.
- Bustader og fritidsbustader som har over L_{den} 55 dB på fasaden utanfor støykjenslege rom, og som får ei auke i utandørs lydnivå som følgje av tiltaket på ≥ 2 dB, skal greiast ut for innandørs støy og det skal givast tilbod om støytiltak til dei som har overskriding av krava til innandørs støynivå $L_{eq} \leq 30$ dB i opphalds- og soverom, som angitt i NS 8175:2012 lydklasse C. Dersom det er uforholdsmessig å tilfredsstilla krava i lydklasse C, kan klassa D ($L_{eq} \leq 35$ dB) bli vurdert.
- For bustader og fritidsbustader som har støynivå $L_{den} > 55$ dB på den primære uteplassen sin, og som får ei auke i utandørs lydnivå som følgje av tiltaket på ≥ 2 dB, skal det tilbydast støytiltak av eit utandørs opphaldsareal.

2.2 Byggegrenser mot vassdrag PBL § 12-7 nr. 2

- Tiltak etter §20-1 er ikkje tillate nærare enn 100 meter frå Seljordsvatnet. Tiltak etter pbl. §20-1 l er tillate med offentleg eigarform.
- Flaumsikringstiltak med godkjenning etter vassressurslova, bruer og stiar er ikkje omfatta av byggegrensa.
- Det generelle forbodet mot tiltak i pbl §1-8 gjeld ikkje for naudsynte bygningar, mindre anlegg og opplag i 100-metersbeltet langs vassdrag med sikte på vassforsyning, landbruk, fiske, fangst.

2.3 Kulturminne PBL 12-7 nr. 2.

- Om det viser seg først medan arbeidet er i gang at det kan verka inn på eit automatisk freda

kulturminne, skal Telemark fylkeskommune verte kontakta og arbeidet stansast i den utstrekkinga det kan røra kulturminnet. Fylkeskommunen avgjer snarast mogleg – og seinast innan 3 veker – om arbeidet kan halde fram og vilkåra for det. Fristen kan forlengast når særlege grunnar tilseier det (jf. kulturminnelova § 8 andre ledd).

2.4 Matjordplan

- Før ein kan få løyve til tiltak innanfor område med dyrka eller dyrkbar jord, skal det føreliggje ein godkjent detaljert matjordplan. Matjordplan skal vere godkjend av landbrukskontoret.
- Matjordplanen skal syne handtering av jorda i anleggsfasen og endeleg situasjon.

3 Føresegner for arealformål

3.1 Bygningar og anlegg (§ 12-5 nr. 1)

3.1.1 Campingplass, C

- Føremålet skal nyttast som tilkomstområde for campingplassen og tilhøyrande anlegg.
- Det er ikkje høve til å etablere varige oppstillingsplassar for campingvogner og liknande.

3.1.2 Energianlegg

- Det er høve til å etablere trafoanlegg.

3.2 Samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur (§ 12-5 nr. 2)

3.2.1 Køyreveg, KV

- KV1 skal ljossettjust for auka trafikktryggleik langs etter brei skulder

3.2.2 Annan veggrunn – teknisk anlegg, AVT

AVT er vegareal og skal nyttast til tekniske anlegg, som ikkje har krav til revegetering.

3.2.3 Annan veggrunn – grøntareal, AVG

AVG er vegareal og skal nyttast til grøft, skulder, snødeponi, skjering /skråningsutslag, sikringsgjerdje eller -voll, støyskjerm og rekkverksrom. Det er høve til å etablere skilt, ljosstjing og tekniske installasjonar. Annan veggrunn skal revegeterast slik at det ikkje vanskeleggjer nødvendig vedlikehald. Det skal nyttast naturleg revegetering der det er føremålstenleg.

3.2.4 Kollektivholdeplass, KH

Innanfor formålet skal det etablerast plattform til busshaldeplass med kantstopp. Det skal etablerast kantstein mot formål KV. Det er høve til leskur innanfor formålet.

3.3 Grønstruktur (§ 12-5 nr. 3)

3.3.1 Naturområde, grønstruktur (GN)

- Formålet er naturleg kantsone langs vassdrag.
- Det er høve til erosjonssikring f.eks i form av energidreper og/eller vegetasjon. Miljøoppfølgingsplan skal syne godkjende massar og arter for tilsåing og planting. Arter på

artsdatabankens fremmedartliste skal ikkje nyttast.

3.4 Landbruks-, natur- og friluftsmål og reindriftsmål (§ 12-5 nr. 5)

3.4.1 LNFR-areal

Formålet brukast til dyrka eller dyrkbar mark, produksjonsskog og friluftslivsmål. Det er ikkje høve til å etablere bygg eller anlegg innanfor målet.

3.4.2 Spreidde bustader, LSB

- Innanfor området er det høve til tiltak i samsvar med føresegner i den til ein kvar tid gjeldande kommuneplanen.

3.5 Bruk og vern av sjø og vassdrag med tilhøyrande strandsone (§ 12-5 nr. 6)

3.5.1 Bruk og vern av sjø og vassdrag med tilhøyrande strandsone, BSV

Ingen føresegner

3.5.2 Naturområde i sjø og vassdrag

- Formålet har vernestatus eller på annan måte verdifullt naturmangfald
- Det er høve til erosjonssikring f.eks i form av energidreper og/eller vegetasjon. Miljøoppfølgingsplan skal syne godkjende massar og arter for tilsåing og planting. Arter på artsdatabankens fremmedartliste skal ikkje nyttast.

4 Føresegner til omsynssoner (§ 12-6, 12-7 og 11-8)

4.1 Sikrings-, støy- og faresoner (§ 11-8 a)

4.1.1 Frisiktsone, H140

H140 skal haldast fri for sikthindrande vegetasjon og bygg eller anlegg høgare enn 0,5 m som hindrar sikt.

4.1.2 Fare jord- og flaumskred, H310_2

Fareområdet er syner utstrekning av aktsemdsområdet i samsvar med NVE-atlas. Tryggleiken innanfor området skal vere vurdert av fagkyndig og eventuelle tryggingstiltak utført før tiltak setjast i gong.

4.1.3 Flaumfare, H320

Område regulert til fareområde flaumfare er innanfor grense for 200 års flaum. Tiltak med krav til tryggleiksklasse skal ikkje gjennomførast innafor H320, med mindre ein etablerer sikringstiltak.

4.1.4 Høgspenningsanlegg (inkl. høgspenkablar), H370

Område regulert til fareområde høgspenningsanlegg er sikringssone langs høgspenlinje i luft. I området skal det ikkje førast opp bygg for varig opphald. Oppsetjing av bygningar og anlegg er forbode utan samtykkje frå linjeeigar.

4.2 Særlege omsyn til landbruk, reindrift, friluftsliv, grønstruktur, landskap eller bevaring av naturmiljø eller kulturmiljø (§ 11-8 c)

4.2.1 Bevaring naturmiljø, H560_3

H560_3 gjeld verna vassdrag. Her skal verneplan for det aktuelle vassdraget og Forskrift om rikspolitiske retningslinjer for verna vassdrag leggest til grunn ved søknader om tiltak.

Innanfor omsynssona skal omsynet til naturmiljø prioriterast. Kvaliteten, den økologiske tilstanden og funksjonen som leveområde for artar skal takast vare på.

5 Mellombels bygge- og anleggsområde, #MBA

Midlertidige bygge- og anleggsområde kan ein bruke til tiltak som er naudsynte for å gjennomføre veganlegget, m.a. midlertidige omkøyringsvegar, anleggsområde, riggplass, anleggsvegar, lagerplass for bygningsmateriell, midlertidig massedeposering, maskiner og brakker. Når anleggsarbeidet er avslutta skal områda setjast i stand i samsvar med underliggjande arealformål til minst same kvalitet som ved anleggsstart. Tilbakeføringa skal være fullført seinast eitt år etter avslutta anleggsverksemd. Heimelen for midlertidig anleggsområde opphøyrer i samsvar med eigenskap i sosi-fila. Seinast 10 år etter planens ikrafttredingsdato opphøyrer midlertidige bygg og anleggsområde.

6 Rekkjefølgjeføresegner

6.1 Miljøoppfølgingsplan

Før ein kan få løyve til tiltak innafor hovudføremål Samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur, Grønstruktur og bruk og vern av sjø og vassdrag, arealformålet VF eller omsynssoner H120, H560, H570, #MBA, skal det føreliggje ein miljøoppfølgingsplan. Planen skal vere bindande for gjennomføring av tiltak innanfor desse føremåla/omsynssonene/føresegnområde. Miljøoppfølgingsplanen skal vere godkjend av kommunen før anleggsstart.

6.2 Matjordplan

Før ein kan få løyve til tiltak innanfor område med dyrka eller dyrkbar jord, skal det føreliggje ein godkjent detaljert matjordplan. Matjordplan skal vere godkjend av landbrukskontoret. Matjordplanen skal syne handtering av jorda i anleggsfasen og endeleg situasjon.

6.3 Tryggleik

Tiltak for trygg skuleveg og trygg ferdslé for myke trafikantar gjennom anleggsområdet skal vere implementert før anleggsstart, i samråd med brukarar.

6.4 Avkøyringar

Eksisterande avkøyringar med krav om stenging (punktsymbol 1241) skal vere stengde når ny tilkomst til brukseininga er etablert.

6.5 Revegetering

Alle område med krav til revegetering skal ha eit grønt preg seinast 2 år etter avslutta anleggsverksemd.

7 Dokument som får juridisk verknad gjennom tilvising i føresegnene

Miljøprogrammet vedlagt reguleringsplanen skal vere juridisk bindande